

NVE  
Postboks 5091 Majorstua

Grinde 10 september 2013

0301 OSLO

## Fråsegn: Til Konsesjonssøknad for Ofta Kraft AS

Vi viser til sakspapir som KS søkjar har sendt oss. Søknaden er registrert hjå NVE med fylgjande saknummer: 201105331 og reg.nr 6478

### Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 5.761

Lærdal Turlag er medlem i Sogn og Fjordane Turlag (<http://www.turistforeningen.no/laerdal>) og har ca 200 medlem. Fjellområde kring Lærdal er spesielle og vert mykje brukt av turfolk.

### Status omsøkt område:

Oftaelva renn frå aust til vest og det djupe dalføre ligg med ein sida vendt mot sola mens den andre sida i røynda ligg i undersolt heile året. Det er nok truleg at den er ein del av dalføre som aldri møter sola. Ulíkt så å seie alle andre sidedaler i Lærdalsdalen. Omsøkt vassdrag ligg ellers i ein av Noregs tørraste regionar. Vatnet som passerer elva om sommeren er ein del smeltevatn som oprettheld råmen i Ofta sitt leie. Nedslagsfeltet er høgt over havet og det er over lang tid om sommeren tilgang på vatn etter snøsmelting i høgt liggjande område. Det er få plasser i Noreg der to ekstreme forhold møtast så som her. Eit særst bratt og vanskeleg tilgjengeleg juv, der sola knapt slepp til og nedbørsforhold som gjer at Lærdals regionen har eit unikt klima for å vere så nær fjorden. Det er utan tvil potensiale for funn av sjeldne organismar eller vekster i dette område ut frå dei forhold som rår. Dette område – elveleia – kan vere så vanskeleg tilgjengeleg at ein må kalle det for urørt. Eksponeringa og skyggeforhold i saman med fuktigheitsforhold kan utan tvil gje potensiale for funn av svært overraskende økosamfunn.

Endringar i sårbare miljø som dette kan vere øydelegjande for ikkje registrerte naturelement.

NML § 9 om føre var prinsipp vil da måtte gjelde her. . . ?

Artsdatabanken kan ikkje vere til hjelp her der området ved elva og ved Brufossen – bekkekløfter og fossesprøytoner – ikkje er gode å komme til. Artsdatabanken er basert på funn som er gjort og her kan ein fastslå at ingen har vore ned i de sonene som med sikkerheit kan seiast er spesielle og med stor potensiale.

### Om bruk av området i dag:

Oftadalen er nok det mest brukte friluftsområde i nærmiljøet i Lærdal.

Barnas Turlag Lærdal og idrettslaget har ikkje statistikk over besøket på Øvre Vangen, men «Vangen Opp» som er eit årleg arrangement er populær for mange i nærmiljøet.



Løberghaugen hadde i 2011 2385 besøkjande og auka til 2505 i 2012, Oftedalsstølen suksessivt 466 og 506.

Stien til Øksevatn og Småvotni går i dalsida. Sjølv om fossen (under snøsmeltinga er den synleg frå Lærdal) eller andre landskapselement (bekkekløft/bergvegg) knappt kan sjåast frå tettbebyggelsen eller frå stien på austsida av elva vil dei vere der og ein turgåar kan oppleve dette som eit viktig turmål. Frå stien på nordsida av dalen ved Mjoldagjeli er fossen godt sunleg.

Det er ein fin tur å følgje Ofta til Småvotni og så vidare ned langs med Jutlaelvi.

Under punkt **1.6 sammenligning med nærliggende vassdrag** i KS vert Ofta topografisk vurdert lik som Jutlaelvi og Stødnaelvi som då har noko lågare sjøprosent og snaufjellprosent enn nedbørsfeltet til Ofta. Dette stemmer gjerne, men ein **MÅ** ta med potensiale Ofta har - grunna eksposisjonen – for spesielle funn i dalbotnen. Det er nemnt tidligare, men sol- og råme-forhold nederst i dalbotnen må vere av spesiell interesse, for biologer. Jutladalføre og Stødni ligg mest nord-sør eksponert mens Ofta orienterer seg aust-vest, noko som truleg gjev spesielle skyggeforhold og dertilhøyrande økosystem.

## Kapittel 2: Beskrivelse av tiltaket 2.1 Hoveddata:

Her vil ein kommentere restfeltets middelvannføringa oppstrøms kraftstasjonen.

Blikdalselvi er vassdraget som kjem med mesteparten av dette vatnet. Ein må vurdere om dette vatnet for all framtid vil renne fritt eller om ein *seinare* kan forvente ein utbygging av dette vassdraget.

Isolert sett ville Ofta bli bygd ut med ein slukeevne som er 300% av middelvannføringa (1,89kbm/s og 0,63 kbm/s) i Ofta før samløp med Blikdalselvi. Denne slukeevnen er uvanleg stor og vil påverka ein eventuell seinare utbygging av Blikdalselvi om ein vil ha litt vatn igjen i Oftedalen? Dette punktet er nemnt i **2.7 Alternative utbyggingsløsninger**. KS -søkjar er inne på det viktige punktet med lite restvannføring om Blikdalselvi vert teke med i utbyggjinga. Miljøomsyn er argumentet at de ikkje ynskjer å fremme dette alternativet. Ein ber NVE om konsesjonen vert innfridd å sikre seg at Blikdalselvi for vere urørt i framtida.

### 2.2.4 Inntak

Ein ser det som ein ulempe at riggområde ligg nær brua og turstien, men dette er midlertidig og vil måtte bli fjerna og området revegetert.

### 2.2.6 Kraftstasjon.

Svært viktig med lydisolering/støydemping i dette området. Her er god akustikk og nærliggjande bebyggelse.

## 2.6. Forhold til offentlege planer og nasjonale føringar.

Kommunedelplan for småkraftverk i Lærdal har plassert Ofta i gruppa der det er middels konfliktnivå, men kun 1 poeng under gruppa der konfliktnivået er stor !

Ofta er i Samlet Plan plassert i gruppe 8, kategori II KS søkjar meiner det ikkje er konflikt med dei element som Samla plan vurderer som viktige. Kulturminnevern og fisk.



### 3.1 Hydrologi

Brufossen vil med omsøkt minste vannføring om sommeren (1/5 – 30/9) ha ein minste vannføring på 130 l/s. Middelvannføringa idag er på 630 l/s. **Tabell 3.2** syner at  $Q > Q_{max}$  sluk etter utbyggjing er 28 dagar. Mot 159 eit middels år. Dette tolker ein som svært negativt for fossesprøytsone og bekkekløft. Bliksdalselvi vil imidlertid fortsatt føre vatn i hovedløpet og oppretthalde ein mindre del av opprinnelig vannmengde.

Reknestykket under tabell **3.1**, s 19 i ks er vrien og ikkje mogleg å skjønne. 74% av vannet i Ofta vert brukt til kraftproduksjon, men samtidig vil 53% av Ofta sin vannføring like oppstrøms kraftverket opprettholdes... ..?

### 3.6.2 Akvatisk miljø

NVE bør sterkt vurdere å sette krav om omløpsventil i kraftstasjonen. Dette først og fremst av omsyn til den lakseførande strekninga i Ofta nedanfor kraftstasjonen, men truleg også av omsyn til vassverket/vassforsyninga i Lærdal.

#### Sogn og Fjordane Turlag sin vurdering av søknaden:

Dei viktiga element her er:

- **Oftedalen er det mest brukte turområde i Lærdal**

Ein har registrert fylgjande data for poster i nærområde (dette er minimumtal for her registrerast kun de som frivillig skriver seg inn i utlagte postar).

|                |      |      |
|----------------|------|------|
| besøk          | 2011 | 2012 |
| Løberghaugen   | 2385 | 2505 |
| Oftedalsstølen | 466  | 506  |

For Øvre Vangen har ikkje me data, men denne posten er truleg den som ivrigast vert vitja av barnas Turlag i Lærdal.

- **Naturmangfaldloven sin «føre var» prinsipp må her vere heilt klart.**

Sweco sin rapport om biologisk mangfald s 27 avsnitt **7 Usikkerhet** informerer om at det var uråd å synfare viktige område i Oftedalen (Moldagjeli og Brufossen) Sweco er usikker og mangler data. Nettopp her bør ein bruke naturmangfaldloven sin prinsipp om føre var. Området må vere unikt med tanke på alle særtrekk her. (Bekkekløft, fossesprøyt, eksposisjon, nedslagsfeltet høgt opp, lang snøsmelteperiode, skyggeforhold mm)

- **Sum verknadar kraftutbyggjing i Lærdal.**

For økomiljø er det viktig å ha visse avstand til liknande miljø, såkalla «korridorer». I seinare år er mange vassdrag aktuelle for utbygging. Lærdal er på grunn av høge fjell og bra nedbørsfelt ein kommune der mykje av vannressursen er brukt til kraft. Ein kan sjå faren ved at «korridorar» er i ferd med å verte stengt. NVE har oversikt over alle utbyggjingar i Lærdal kommune og Turlaget ber NVE vurdere sum verknaden av utbyggjingar som er gjennomført og de som er konsesjonssøkt når Ofta søknaden vert handsama.

Sogn og Fjordane Turlag ber NVE å pålegge søkjar å utarbeide eit betre grunnlag i potensielt verdifulle område ved bekkekløften i Moldagjeli og i fossesprøytsone ved Brufossen.



Indre Nordfjord Turlag Midtre Nordfjord Turlag Ytre Nordfjord Turlag Keipen Turlag  
Flora Turlag Indre Sunnfjord Turlag Luster Turlag Sogndal Turlag Lærdal Turlag  
Vik Turlag Årdal Turlag Balestrand og Høyanger Turlag Ytre Sogn Turlag,  
Barnas Turlag Solund, Barnas Turlag Gulen Barnas Turlag Hyllestad  
Barnas Turlag Leikanger

Sogn og Fjordane Turlag



Med føreliggjande opplysningar vil Turlaget gå imot ein utbyggjing i dette attraktive og mykje brukte friluftsområde.

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Turlag

Sakhandsamer er underskrivne  
Ron Overdevest, leiar i naturvernutvalet  
Sogn og Fjordane Turlag,  
Gulafjordvegen 1127,  
5960 Dalsøyra

telefon. 97674654



**Postadresse:** Pb. 10, 6801 Førde  
**E-post:** [sogturla@online.no](mailto:sogturla@online.no)  
**Organisasjonsnr.** 971 529 474

**Besøksadresse:** Langebruvegen 9, Førde  
**Heimeside:** [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)  
**Banksamband:** Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

**Tlf.** 57 72 06 14